

## PROTOKOLL STYREMØTE SFT

**Dato:** måndag 11. januar 2021. **Digitalt**

**Tid:** kl. 18.00-21.00

Desse tok del: Siv Merete Stadheim, Irene Lunde, Steffen Sandene, Karen Weichert, Ron Overdevest og Vigdis Flaten Kvamme.

Melde forfall: Lars Røyarhus

Tilsett: Astrid Kalstveit

**Sak 66**      **Innkallinga vart godkjent**

**Sak 67**      **Protokoll styremøtet 9. desember vart godkjent**

**Sak 68**      **Orienteringssaker**

Styreleiar orienterte:

Det er kome inn 8 søkjarar til stillinga som organisasjonssekretær så langt. Det er lagt ut ei påminning stillingsannonse på SFT si Facebookside, sidan frist snart ute. Styreleiar kunne tenkje seg intervju så snart fristen er ute og i neste veke. Covid-situasjonen har noko å sei og blir tatt omsyn til i intervjurunden. Styreleiar, nestleiar og fungerande nestleiar er mest aktuelle til å vere med på intervju.

Naturvernutval orienterte:

Guleslettene fekk avslag om utvida drift frå 25 til 30 år.

Utvalseleiar har delteke på webinar om berekraftstrategien den 06.01.2021.

Administrasjon orienterte:

DL har starta opprydding og gått gjennom permar frå lagsarbeidet i SFT og sortert ut aktuelle dokument som skal til fylkesarkivet. Agnar Åsnes har hjelpt til med dette arbeidet, som nå er godt i gang. Det er oppbevart sakspapir attende til 1990 talet på SFT sitt lager.

Årsmelding SFT og sakspapir årsmøte er ferdigstilt av dagleg leiar og sendt styret.

Turprogram 2021 gjekk i trykken før jul og blir snart levert i postkassar til alle husstandar i Sogn og Fjordane.

Skredkurs er planlagt arrangert 12.-14. februar i Jostedalen og 5 påmelde hittil.

Dagleg leiar avvikla 1 veke ferie i romjula.

**Sak 69**      **Rute – og hytteutval SFT**

Blir årsmøtesak og vedtak om oppretting nytt utval. Må hugse å velje 1 medlem for 1 år



## **Sak 70**      **Årsmøte SFT, 30 januar 2021**

**Sakliste årsmøte.** Styreleiar gjekk gjennom framlegg sakliste og sjå vedlagt dokument og vedteken sakliste årsmøte SFT.

**Årsmelding SFT 2020.** Styreleiar gjekk gjennom årsmelding og styret kom med kommentarar innhald. Sjå vedlagt dokument og vedteken årsmelding

**Rekneskap SFT 2020** er ikkje motteke frå rekneskapsfører endå.

Rekneskapa blir difor sendt styret i e-post for godkjenning.

### **Vedtekter SFT**

Styret gjekk gjennom framlegg reviderte vedtekter SFT.

Sjå vedlagt dokument og vedteke vedtekter SFT.

### **Kontingentutrekning SFT 2021.**

Styret drøfta kontingentutrekning SFT 2021. Vedteken sats kontingent adm/info: kr. 75.

Sjå vedlagt dokument og vedteken kontingentutrekning SFT 2021.

### **Handlingsplan SFT 2021**

Styreleiar gjekk gjennom handlingsplan 2021 og styret drøfta framlegget. Sjå vedlagt redigert dokument og vedteken Handlingsplan 2021.

### **Budsjett SFT 2021**

Styreleiar gjekk gjennom framlegg budsjett og styret drøfta aktuelle budsjettpostar. Sjå vedlagt dokument og vedteke budsjett SFT 2021.

**Årsmøtet** blir gjennomført som eit dagmøte laurdag 30. januar. Sakspapira blir sendt ut fredag 15.01 til lokallaga og styret SFT med informasjon om, at styret satsar på å få gjennomført årsmøtet på Thon Hotell, Skei den 30.1. kl. 10-16.30. Med atterhald gjennomføring ved innhenting nytt løyve frå kommuneoverlege Furnes, Sunnfjord kommune, etter nytt regelverk er klart frå regjeringa den 18.01.

**Sak 71**      **Berekraftstrategi DNT.** Høyringsforslaget blei gått igjennom av Ron og styret diskuterte innhaldet. Det blei gjort nokre små justeringar. Sjå vedlegg vedteken fråsegn.

### **Sak 72**      **Ymse**

Styret drøfta moglege kandidatar for ny medlem valnemnd SFT 2021.

Neste styremøte: 11. februar, Thon hotell, Skei kl. 17

Referent Karen Weichert og Astrid Kalstveit